

Bekymringsmelding om lokalpolitisk uansvarlegheit.

Saka gjeld ei omregulering inne i Mjåtveit næringspark, bort frå lavrisiko for forureining til høgare risiko. Det gjeld område lengst sørøst i parken. I dette høgrisiko området for forureining til Mjåtveitelva er det høgst uansvaled av Alver kommune å omregulere til verksemd med høgare risiko for forureining. Likeeins å kunne handsame denne omreguleringa berre på utvalsnivå, ikkje i Formannskap og kommunestyre.

Me har i vår klage grunngitt kor kritisk forureining til den nærliggjande Kloppedalsbekken er for elvemusling og fisk i Mjåtveitelva. Den tragiske forureininghistoria i dette området, heilt til det siste, har vist trist og tydeleg kor ofte og kor lett forureining kan skje til bekken og dermed elva. To store utslepp av sprengningstøv allereie i år, blei omtala av Liegruppen som «eit uhell». Uhell kan skje - og vil skje igjen. Det er derfor foreningen gong på gong har krevd forbetra vernetiltak. Det er endeleg påbegynt, og det er positivt, men også noko foreningen har etterlyst i nærmere 10 år! Hadde det vore gjort for fleire år sidan, kunne fleire "forureiningsuhell" fått redusert verknad i elva. Det er ingen tvil om at reguleringa rundt Kloppedalsbekken har tatt alt for lite omsyn til vernesoner rundt bekken. Dette er ein av årsakene til alle forureiningsepisodane. Derfor må vernetiltaka vere desto betre!

Så er ein viktig del av vern mot utslepp ei «førevar haldning», også innbygd i reguleringskrava, nemleg kva type verksemd ein kan tillate nær bekken. Når området i utgangspunktet er regulert uforsvarleg nært bekken, er det desto verre å omregulere til ei meir forureiningsrisikabelt føremål. Administrasjonen og fleirtalet i utval for areal, drift og miljø viser ikkje den føre var haldning som trengst her, men opptrer høgst uansvarleg.

Mvh

Formann Martin Jacobsen

Mjåtveitelvens forening.

Frekhaug 25.04.2023.